

Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 12
Tid: Torsdag 16.03.2023 - kl. 12.00 – 14.00
Stad: Teams

Til stades:

IKPU:	Anne Grete Eide (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy) - møteiar, Hege Eide Vik (Vaksdal)
Arbeidsgruppa	
Andre:	Hans Kristian Dolmen, Kristin Nåmdal, Bent Gunnar Næss (BG)
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Hallvard Oppedal (Gulen)

Sak 09/23	Godkjenning – sakliste og innkalling Vedtak: Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.
Sak 10/23	Godkjenning av referat frå førre møte Vedtak: Det var ingen merknad til referatet.
Sak 11/23	Planforslag – vedtak om å sende planforslaget på 2. gongs høyring Sjå eiga saksutgreiing. Planforslaget med dokument vart gjennomgått i møte. Det vart gjort desse endringane i planforslaget i møte: <ul style="list-style-type: none">• Osterøy ønskja å få inn sine særskilde miljøkrav som dei har i sine føresegn til nokon spesifikke akvakulturområde. Med bakgrunn i det så vert ikkje AKV område Øyjordsvika tatt ut.• Masfjorden sine lokalitetar Barlingebotten og Bergsvik vert også tatt med i desse særskilde krava som er nemnt i punktet over og tatt ut av lista om området som gjeld eksisterande akvakulturområde som skal fjernast. Dette er lokalitetar som kan vere velegna til å teste ut lukka teknologi.• Alver – kommune med politisk leiing skal ha ein intern gjennomgang i neste veke. Det kan gi mindre justeringar for Alver kommune. Det vil også skje litt endringar og oppdateringa av dokumenta før dei vert lagt ut på høyring. Det er behov for kvalitetssikring av dokument og gjere dokumentasjonen/argumentasjonen meir komplett.

	<p>For å halde framdrifta i prosjektet må planen leggest ut på 2GH i løpet av veke 12. Det må også takast initiativ overfor Statsforvaltaren til å få til eit dialogmøte ganske raskt.</p> <p>Vedtak: I medhald av plan og bygningslova § 5- 2 legg det Interkommunale Planutvalet den interkommunale planen for sjøareal for Region Nordhordland med plankart, planskildring og føresegner på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med dei endringane som vart bestemt i møte.</p>
Sak 12/23	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none">• Møte i IKPU må avtalast nærare

Knarvik, 16.03.2023